

# Forskrift for godtgjersle til folkevalde Vindafjord kommune

**Forskrift 19.09.2023 for godtgjersle til folkevalde i Vindafjord kommune.**

**Fastsett av Vindafjord kommunestyre 19.09.2023, sak 053/23, med heimel i Lov 22.juni 2018 nr 83 om kommunar og fylkeskommunar.**

**Forskrifta trer i kraft frå 01.10.2023**

## **§ 1 Formål**

Forskrifta skal regulere rettigheter og plikter etter kommunelova kapittel 8 for folkevalde i Vindafjord kommune

## **§ 2 Virkeområde**

Forskrifta omfattar folkevalde og alle med kommunale verv utnemnd av kommunestyret. Forskrifta gjeld deltaking i møte etter lovleg innkalling i folkevalde organ, samt andre funksjonar som har direkte samanheng med vervet, deltaking i prosjekt, forhandlingar, synfaringar også vidare.

Folkevalde mottek ikkje løn, men godtgjersle. Det vil sei at utbetaling ikkje gir rett til feriepengar. Godtgjersle er ein kompensasjon for arbeidet som blir utført i vervet som folkevald og er oppgåvepliktig og skattepliktig.

Folkevalde kan ikkje motta dobbel møtegodtgjersle ved representasjon i andre styre, råd og utval.

## **§ 3 Rett til dekning av utgifter og økonomisk tap**

Den som har eit kommunal verv i Vindafjord kommune

- a) får utbetalt skyss, kost- og overnattingsgodtgjersle for reiser
- b) erstatning for tapt arbeidsforteneste
- c) dekkar utgifter i samband med barnepass og tilsyn av personar med funksjonsnedsetjing og andre som har behov for tilsyn.

## **§ 4 Utmåling av utgifter og økonomisk tap**

Godtgjersle for skyss, kost- og overnatting etter §3 første ledd bokstav a, blir gitt etter kommunen sitt reiseregulativ

Utgifter etter §3 første ledd bokstav b, blir etter rekning dekkar slik:

- Inntil kr 5000 for dokumentert tap per/møte/reisedag
- Inntil kr 800 for udokumentert tap per møte/reisedag under 4 timar og inntil kr 1500 per møte/reisedag over 4 timar. Reise skal inkludert i med gått tid
- Erstatning for tapt arbeidsforteneste vert dekkar med inntil kr 650 per time.

Dokumenterte utgifter etter §3 første ledd bokstav c vert dekkja med inntil kr 1.500,-per møte/reisedag. Udokumenterte utgifter vert dekkja med inntil 150,- per time.

Udokumentert tap av arbeidsforteneste, utanom ordinær arbeidstid, kan i særskilde høve godkjennast.

Beløpa kjem i tillegg til ordinær møtegodtgjersle.

### **§ 5 Godtgjersle for ordførar**

Ordførar si godtgjersle vert sett til 100% i fullt ombod og vert innmeldt i kommunen si pensjonsordning KLP, pensjonsordning 18. Godtgjersla til ordførar er til ei kvar tid lik stortingsrepresentantane si godtgjersle.

Ordførar får ikkje godtgjersle for andre verv.

Godtgjersle skal utbetalast kvar månad.

### **§ 6 Godtgjersle for varaordførar**

Varaordførar si godtgjersle vert sett til 12,5% av ordførar si godtgjersle og skal utbetalast kvar månad. Varaordføraren får vanleg møtegodtgjersle for møte utover ordinære formannskaps- og kommunestyremøte.

### **§ 7 Godtgjersle for Formannskapet**

Formannskapet sine faste medlemmer får ei fast godtgjersle tilsvarande 6% av ordføraren si godtgjersle. Fråvær frå meir enn 1/3 av møta i Formannskapet og Kommunestyret fører til reduksjon på 25%. Godtgjersla skal utbetalast kvar månad.

Formannskapet sine faste medlemmer får vanleg møtegodtgjersle for møte utover ordinære Formannskaps- og Kommunestyremøte.

Varamedlemmer si godtgjersle vert sett til 0,1 % av ordførar si godtgjersle per møte.

Varamedlemmer som møter i einskilde saker får godtgjersle som for andre møte.

### **§ 8 Godtgjersle for Kommunestyret**

Medlemmer av Kommunestyret, eksklusiv Formannskapet sine medlemmer får ei godtgjersle tilsvarande 0,1% av ordføraren si godtgjersle per møte.

Varamedlemmer si godtgjersle vert sett til 0,1 % av ordførar si godtgjersle pr. møte.

Varamedlemmer som møter i einskildsaker får godtgjersle som for andre møte

### **§ 9 Godtgjersle for leiarar**

Leiarane i utvala OPOM og DUK får 4% av ordførar si godtgjersle, Rådet for eldre og for personar med funksjonsnedsetting, Vilt- og fiskeutvalet og Kontrollutvalet får ei fast godtgjersle tilsvarande 3% av ordførar si godtgjersle. Leiarane i Integreringsråd og Ungdomsråd får 1% av ordførar si godtgjersle.

Denne godtgjersla kjem i tillegg til møtegodtgjersle. Den faste godtgjersla skal utbetalast kvar månad.

Dersom møteleiar har forfall skal fungerande møteleiar ha dobbel møtegodtgjersle.

### **§ 10 Godtgjersle for gruppeleiarar**

Gruppeleiarane får ei fast godtgjersle tilsvarande 2 % av ordførar si godtgjersle.

### **§ 11 Møtegodtgjersle**

Møtegodtgjersle for alle andre møte vert sett til tilsvarande 0,066% av ordføraren si godtgjersle per møte for møte inntil 4 timar og tilsvarande 0,1% av ordføraren si godtgjersle per møte for møte over 4 timar. Under dette punktet kjem også dei som vert bedt om å møta. Reise skal inkluderast i medgått tid.

Fleire påfølgande møte vert rekna som eitt møte.

Utbetaling av møtegodtgjersle, reise, kost- og overnatting og tapt arbeidsforteneste, skjer etter at den folkevalde har registrert inn møta ein har vore med på og utlegg ein har hatt i Visma Enterprise. Registreringa bør skje fortløpande seinast kvart halvår. Det bør berre unntaksvis komme krav for møte som vart halde lengre enn seks månadar sidan.

### **§ 12 Telefon- og andre godtgjersler**

Fri mobiltelefon:

- Ordførar
- Varaordførar

Kommunal Rapport:

Medlemmene i Kommunestyret som ynskjer får abonnement på Kommunal Rapport

### **§ 13 Ettergodtgjersle**

Folkevalde i verv på halv tid eller meir beheld ordinær godtgjersle som folkevald etter at dei har gått ut av folkevald verv

- I 1.5 månad dersom vedkomande tek til i ny stilling eller i tidlegare stilling
- I 3 månadar dersom vedkomande ikkje tek til i ny stilling

jf. kommunelova § 8-6.

Retten til ettergodtgjersle skal avkortast krone for krone mot anna inntekt. Det same gjeld for ordinær inntekt som den folkevalde frivillig avstår frå.

### **§ 14 Rett til sjukepengar**

Folkevalde som har vervet som sin hovudoppgåve har same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen, jf. Kommunelova § 8-8.

«Kommunen skal sørgje for at folkevalde som har vervet som si hovudoppgåve, har same rett til sjukepengar som tilsette i kommunen, jf. Kommunelova § 8-8. Det vil seie at dei skal ha same inntekt i sjukepengeperioden som dei har i vervet. Folkevalde vert rekna som frilansar. NAV refunderer ikkje sjukepengar til arbeidsgjevar/kommunen for frilansarar, jf. Folketrygdlova § 8-38.

Når folkevald i slikt verv har sjukefråvær, skal Vindafjord kommune betale full godtgjersle dei første 16 dagane av sjukefråveret, kommunen vil ikkje få refusjon frå NAV. Frå 17. dagen refunderer NAV sjukepengar inntil 6 G direkte til den folkevalde, (per 01.05.2022 er 1 G kr 111 477). Den folkevalde må sjølv krevje sjukepengar frå NAV. Når godtgjersla er høgare enn 6 G, skal kommunen betale differansen mellom 6 G og full godtgjersle til den folkevalde. Jf. Lov om kommunar prop. 46 L side 125.

I perioden folkevald tek i mot sjukepengar frå NAV, vert medlemskapet i pensjonskassen korrigert til den prosenten godtgjersla frå kommunen utgjer. Prosenten må utgjere minimum 1/3 av full godtgjersle i den perioden for at medlemskapet skal teljast med».

### **§ 15 Rettigheter ved yrkesskade**

Folkevalde som har vervet som sin hovudoppgåve har same rett til ytingar ved yrkesskade som tilsette i kommunen jf. Kommunelova § 8-9.

### **§ 16 Permisjonar**

Folkevalde som har vervet som sin hovudoppgåve har etter søknad rett til permisjon i samsvar med arbeidsmiljølova § 12-1 til § 12-10, § 12-12 og § 12-15.

Under permisjonen beheld den folkevalde godtgjersla i inntil to veker, med mindre den gjev avkall på den. Under svangerskapspermisjon, omsorgspermisjon, fødselspermisjon, foreldrepermisjon og permisjon ved barn og barnepassar sin sjukdom har den folkevalde rett til å behalde godtgjersla etter dei same reglane som gjeld for tilsette i kommunen, jf. Kommunelova § 8-10.

For folkevalde elles gjeld:

Eit fast medlem av formannskapet eller utvalsleiar som vert innvilga permisjon, mottek ikkje godtgjersle i permisjonstida. Varamedlem skal ha den same godtgjersla som den som er innvilga permisjon.

Søknad om permisjon vert handsama etter delegeringsreglementet.

### **§ 17 Tolkningsspørsmål**

Krav som fell vanskeleg å etterkome, skal leggjast fram for formannskapet.

### **§18 Trer i kraft**

Forskrifta trer i kraft frå , 01.10. 2023